

Transport/reise for elever til visningsstad:

Dette gjeld berre produksjonar frå Hordaland fylkeskommune (HFK),
Den kulturelle skolesekken.

NB! Gjeld ikkje andre kulturtilbod skulen deltek på.

Hordaland fylkeskommune dekkjer reiseutgiftene for mest formålstenlege
transportmiddel når elevane treng transport til og frå kulturhus o.a.
Der det er høveleg, oppmodar vi skulane til å avtale felles transport.
Det kan koordinerast gjennom HFK eller direkte mellom skulane.

Båt, tog eller andre transportmiddel:

Kontakt Hordaland fylkeskommune direkte for å avtale kva, og korleis utgiftene vert
dekt.

Elevar som har, kan nytte [ungdomsbillett](#) på dei fleste rutegåande transportmiddel.

Leige av buss:

Skulane kan sjølve tinge buss direkte frå busselskap og avtale med dei at rekninga blir
sendt til Hordaland fylkeskommune, fakturaadresse og referanse som under.

Kystbussen:

Skular som skal reise med Kystbussen kontaktar dei direkte og tingar tal på plassar og
kva avgang de reiser med. Opplys at faktura skal sendast direkte til Hordaland
fylkeskommune, fakturaadresse og referanse som under.

NB! Ved tinging; bed selskapet merke fakturaen med:

Referansenummer: 14333 + namn på produksjonen, i feltet 'Dykkar referanse'.

Opplys òg at Hordaland fylkeskommune treng 30 dagar forfall på faktura.

Fakturaadresse:

Gjer selskapet merksam på at alle leverandørar må sende elektronisk faktura i EHF-
format.

Elektronisk fakturaadresse: EHF 9908:938626367

For eventuelle spørsmål, kontakt:

Arnulf Henriksen

Telefon: 489 95 612

e-post: dks@hfk.no

ev.: Arnulf.Henriksen@hfk.no